

Tverrberget kraftverk, saksnummer 201208164
Rauma kommune

Svar på høyringsuttalar for Tverrberget kraftverk

Tafjord Kraftproduksjon AS har forståing for at det i høyringsuttalane vert fokusert på området sin spesielle natur. Frå første dag i prosjektet hadde vi og stor fokus på dette. Det var og årsak til at vi nytta god ekstern kompetanse i arbeidet med konsekvensutgreiinga som i omfang vart større enn det som ein vanlegvis nyttar i småkraftsaker.

Gjeldande teknisk plan for Tverrberget kraftverk tek ytterlegare omsyn til dette ved at vassveg skal borast. Vidare skal det nyttast coandainntak med sine kjente fordelar, mellom anna små dimensjonar, og at det ikkje vert veg fram til inntaket. Og ikkje minst at inntaket no er tenkt plassert nedanfor Gluterfossen og dermed ikkje påverkar den.

I høyringsuttalane er vi litt usikre på om det er tatt omsyn til alle realitetane i teknisk plan. Det har vi forståing for sidan det vart mange nye opplysningar for prosjektet under høyringsfasen.

Våre kommentarar til innkomne uttalar:

Høyringsuttale Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Det vert fremja motsegn mot tiltaket og grunngjeving frå FM er som følger:

Biologisk mangfald – terrestrisk

FM har få kritiske kommentarar til arbeidet med å kartlegge og konsekvensvurderer dette tema og registrerar få relevante konflikter for dette fagfeltet.

Vår merknad: Dette er vi glade for. Men litt underleg at naturtypelokaliteten «bekkekløft» med verdien C (lokalt viktig) får så mykje merksemd trass i at FM sjølv argumenterer for den svake verdien (*«ikkje spesielt djup, manglar skikkelige fosserøyksamfunn og er nokså lysopen og utan noko klart potensial for funn av raudlistearter i høgare kategori»*).

Landskap og friluftsliv

FM har positive merknader til at inntaket er flytta nedanfor Gluterfossen, men slår også fast at: *«røyrgate og massedeponi vil kome inn som framandelement i dette området»*.

Vår merknad: Det inngår ikkje synleg røyrgate i dette prosjektet. Det meste skal borast, og eit par hundre meter nedst nede skal gravast ned og revevegetast. Massedeponi vil innehalde om lag 400 m³ borekaks. Dette vert plassert nær påhugget til tunnelen nede og vert ikkje synleg.

Fisk og ferskvassøkologi

FM viser til arbeidet mot lakseparasitten som vart utført i 2013 og 2014 og at rotenon vart slept ut *«godt overfor der kraftstasjonen no er planlagt»*. FM nemner at det er knytt usikkerheit til utstrekning på anadrom strekning i elva.

Vår merknad: Vi merkar oss usikkerheita mtp kvar anadrom strekning sluttar. Glutra elv er om lag 9 km lang frå der kraftstasjonen er planlagt til der ho renn saman med Isa elv. Både lengda på elva totalt, botnforholda generelt slik dei framstår og det at Saufonnelva vert upåverka, skulle tilseie at produktivt areal i elva med tanke på reproduksjon av laks og sjøaure ikkje vil være ein kritisk faktor i framtida.

Konklusjonen

I tillegg til argumenta som er omtalt ovanfor viser FM til Rauma kommune sin vassdragsplan og sitat »Rauma kommune går imot ein kvar form for utbygging i vassdraget».

Vår merknad: I omtalte vassdragsplan står dette: *«Raud sone: Område med vassdrag med viktige ålmenne interesser. Kommunen tilrår på det sterkaste konsesjonsbehandling og kommunen vil også vere negativ til utbygging og vil signalisere både ovanfor utbygger og NVE ei svært restriktiv haldning til arealbruksendringar i desse vassdraga».*

Høyringsuttale Møre og Romsdal fylkeskommune

Det vert fremja motsegn mot tiltaket og grunngjeving er som følger.

Generell omtale under «samla vurdering Rauma kommune»:

«Søknadene gir inngrep heilt inntil grensa for Sandgrovbøtn-Mardalsbøtn biotopvernområde og Eikesdalsvatnet landskapsvernområde, og fører til betydelege tap av inngrepsfri natur, jf. INON-status.»

Vår merknad: Denne generelle omtalen gir heilt feil inntrykk når det gjeld Tverrberget kraftverk. Dette prosjektet endrar ikkje INON status då vassdraget frå før er påverka (Grytten utbygginga). Avstand til verneområde er 340 m for Tverrberget kraftverk, revidert alternativ. Nasjonalparkstyret for Dovrefjell – Sunndalsfjella har ikkje merknader til denne plasseringa.

Grunngjeving for å gå imot konsesjon:

Friluftsliv og landskap

Det vert vist til «ny anleggsveg og inntak for kraftverket gir derimot nye synlege inngrep i den særmerkte vassdrags- og fjellnaturen...».

Vår merknad: Det er ikkje tenkt ny anleggsveg opp til inntaket og vassvegen skal borast. Transport til inntaket vil skje med helikopter.

Reiseliv

«Større, nye inngrep opp mot Gluterholet må sjåast som negativt for marknadsføringa av Isfjorden som reiselivsmål.»

Vår merknad: «Større inngrep» er ei subjektiv vurdering. Vi har vanskeleg for å sjå coandainntaket ved Gluterholet som eit større inngrep i eit vassdrag som alt er prega av utbygging.

Fylkeskommune støttar generelt prioritering i Rauma kommune sin vassdragsplan. Fylkeskommunen sine eigne merknadar mot prosjektet er litt upresise og tek ikkje fullt ut omsyn til gjeldande teknisk plan. Dette medfører at tiltaket får meir negativ fokus enn det teknisk plan tilseier (INON, avstand til verneområde, større inngrep, anleggsveg).

Høyringsuttale Rauma kommune

Rauma kommune tilrår at det ikkje vert gitt konsesjon og støttar seg på eigen vassdragsplan som er 9 år gamal (2006) og arealdel av kommuneplan.

Vår merknad: Både bruk av coandainntak og langholsboring er teknologiar som gjer småkraftinngrep betydeleg meir skånsame. Desse teknologiane var ikkje kjende i Norge i 2006 og følgeleg ikkje med i vurderingane den gong. Ein oppdatert vassdragsplan med fokus på miljøvenlege teknikkar kunne ha påverka prioriteringane.

Høyringsuttale FNF – Møre og Romsdal

FNF er generelt imot kraftutbygging i Gluterholet – Erstadalen.

«Uavhengig av tekniske løysingar og teknologi vil ei regulering av dette vassdraget vere eit overgrep i eit nærast heilaggt landskapsrom».

Motsegn er grunngjeve slik:

«Ut frå landskapsomsyn, friluftsliv, biologisk mangfald og inngrep i uberørt natur rår vi til at Tverrberget kraftverk ikkje får konsesjon.»

Vår merknad: Frå FNF er motstanden av generell karakter og ikkje knytt til enkelte fakta. Som omtalt i innleiinga til dette notatet har vi stor forståing for naturkvalitetane i området som igjen har forma vårt utbyggingskonsept. Uttalane frå FNF opnar i liten grad for ein dialog der vi grunngjev våre val og fokuserar på kvalitetane i valt teknologi opp mot dei utfordringane ei skånsam utbygging gir.

Høyringsuttale Jon A Aasen og Øyvind Wærås:

Aasen og Wærås tolkar gamle avtalar dit hen at Tafjord kraftproduksjon AS ikkje har fallrettane i Glutra slik konsesjonssøknaden for Tverrberget kraftverk framstiller det.

Vår merknad: Dette samsvarar ikkje med vår tolking og vert sjølvstøtt søkt avklart juridisk (jordskifteretten) når det eventuelt vert behov.

23. april 2015

Tafjord Kraftproduksjon AS

Per Kåre Skudal

Plan - og utbyggingssjef